


## Bøker som Hardangerforlaget/Kvam soge- og kulturminnelag har for sal:

Forfatter / tittel	Utsalspris	Medl.pris	Antall:
Marie E. Skutlaberg: Slektsbok for Tørvikbygd, Strandebarm og Mundheim, 3 band. Pr. bok	kr 300,-	kr 200,-	<input type="checkbox"/>
Marie E. Skutlaberg: Fortel meir, bestefar Spørjebok for Kvam	kr 200,-	kr 100,-	<input type="checkbox"/>
Gamalt frå Kvam (eldre enkelthefte frå 1945 til 2015)	kr 50,-	kr 30,-	<input type="checkbox"/>
Bygdejol 1945 - 1960	kr 50,-	kr 30,-	<input type="checkbox"/>
Bygdejol 1961 - 1970	kr 200,-	kr 100,-	<input type="checkbox"/>
Bygdejol 1981 - 1990	kr 200,-	kr 100,-	<input type="checkbox"/>
Atle Austestad: Hamsun i Øystese	kr 50,-	kr 30,-	<input type="checkbox"/>
Knut Markus: Attersyn 1	kr 150,-	kr 100,-	<input type="checkbox"/>
Sjur T. Fykse: Attersyn 2	kr 150,-	kr 100,-	<input type="checkbox"/>
Julebrev i Bygdejol, 1992-2016	kr 250,-	kr 200,-	<input type="checkbox"/>

Bøkene kan kjøpast til utsalspris i Huus Bokhandel AS. Medlemspris vert berre gitt ved kjøp direkte frå sogelaget eller via Internett - [www.kvam-sogelag.no](http://www.kvam-sogelag.no). Kvam soge- og kulturminnelag, Hovlandsvegen 12, 5610 Øystese. Sendekostnader kjem i tillegg.



## Verv ein ven for soge- og kulturminnelaget!

Me er mange medlemer i Kvam soge- og kulturminnelag, men me ynskjer å vera fleire.

Vervar du eitt nytt medlem i laget, får du tilsendt Attersyn 1 eller 2.

Vervar du to får du tilsendt Bygdejolboka 1981-1990.

Ditt namn: .....

Adresse: .....

Postnr.: .....

### NYE MEDLEMER:

Namn: .....

Adresse: .....

Postnr.: .....

Send slippen til: Kvam soge- og kulturminnelag, Hovlandsvegen 12, 5610 ØYSTESE eller E-post: [post@kvam-sogelag.no](mailto:post@kvam-sogelag.no)

# SøgeSKRIV

Nr. 2 - 2017 - 20. årgang

## MEDLEMSBLAD FOR KVAM SOGE- og KULTURMINNELAG

### DET VAR EI GONG 3 MØDRE SOM HADDE EI DOTTER

Etter som åra gjekk syns jenta det var rart med tre mødre som alle ville at ho skulle kalla dei mamma. Pappa hadde ho aldri høyrt noko om. Jenta hadde vorte interessert i historie og der fann ho mange døtre med ei mor og ho forstod ingenting av at ho skulle vera annleis. Kunne alle ha fødd henne slik dei sa og slik dei ville få henne til å tru?? Ein test måtte til, eit prosjektarbeid. Jenta var ofte åleine med ei av mødrene og no ville ho prøva korleis dei reagerte på same tingene. Var dei alle like glade i henne og kunne ho stola på at alle snakka sant når dei påstod at dei var mammaen hennar? Jenta fann ut at ho skulle laga mat. Ei flott pynta kaka med lite steikt botn og med salt i staden for sukker vart servert på eit fint dekka bord. Første mammaen som vart servert strålte av forventning, tok eit kjempesort kakestykke og fann ei stor skei å eta med. Men fy kor sint ho vart; «Ditt stygge svin» ropa ho og slengde resten av kaka rett i fjeset på jenta. Så skulle den andre mammaen prøvast med ei liknande kaka. «Vil du forgipta meg – ditt uhelbredelege udyr! Ropa ho og sputta kakerestane rett i fleisen på jenta. Så var det tid for den tredje mammaen. No var jenta spent. Oppførte ho seg også slik trudde ho ingen var mammaen hennar. Kaka vart servert. Jenta og mammaen sat med kvar sitt kakestykke og snakka saman. Jenta åt ikkje, men mammaen tok eit stort kakestykke i munnen. Brått vart ho så rar i fjeset og så lo ho, ho gapskratta. «Nei, men jenta m, då. No trur eg du har teke feil av sukker og salt slik eg gjorde då eg skulle overraska bestemora di på morsdagen hennar då eg var like stor som du er no. No skal du og eg laga kake saman og så dreg vi til bestemora di.» *Slik vart 3 vonde kaker til ei stor god kake for tre glade jenter, to mødre og to døtre.*

### UTDRAG FRÅ MØTEBOKA TREKLØVEREN TIL FYKSE SANITETSLAG ONSDAG 26. JANUAR 1955

Til dette møtet har Marta Fykse (1905 - 1996) skrive

om ein tur for sanitetskvinnene på Fykse, då over tjue kvinner sessa seg bak på lasteplanet til ein bil og fekk seg ein fridag på Voss.

Litegrand frå Sanitettslaget sin fyrste tur av Marta Fykse:

Ein av dei siste dagane i juli 1946 råka eg ein mann i Fyksesundet som spurde kva som var tids her på garden, det lukta so godt nysteikte kaker for kvar manns dør. Skulde det vera bryllaup att, det hadde vore nokso mange av det slaget det året. Og det var ikkje lengre etter krigen enn når ein kjende god matlukt, so sende sputtkjertlane bod til hjernen at dei hadde hug til å vera med på meltingsprosessen. «Men nei,» svara eg, «det var ikkje brudlaup, men alle me konor skulde på sanitetsbiltur dagen etter, og so var det kaker til niste me steikte på», sa eg. «På biltur no midt i smågras-slåtten?», sa mannen. «Rett likavel og so langt soga veit å fortelja, er det ikkje nokon som har funne på slik galskap her før, so det er vel du som finn på slikt. Men når ein er fødd og oppalen med Øysteselandet, skal ein ikkje venta det betre. Du visste vel knapt kva smågras var for noko før du kom hit.» Eg laut til å forklara at eg hadde ikkje det minste med turen foretagende, men det var meinig i eg skulde vera med. «Skal dei gå åleine karane dykkar i morgon då i desse bratte liene på Storhoggo, Halvgjengesdal, Langeteien, Slåtto, Nipen, Fleto, Riplane, Svullakro og kva det no heiter alt.» «Ja,» sa eg, «det er no godt med ein fridag for oss kvinnfolk og.»

Det hadde vore so ymse med veret framover sumaren, mykje regn helst. Dagen kom og me troppa upp ved tunellen, og der kom han Lars Stien som skulde køyra oss. Han tok med seg dei frå vestsida,

for me såg han hadde nokre stopp. Veret var nokorlunde, og han Lars var praten og fyrekommende som vanleg, ein ypparleg reiseførar når han skal køyra kvinneforeiningsturar. Han hadde sikkert stettat kravet som reiseførar i Norsk turist og Næringsliv. Berre for gale at dei lagar slike lover at me ikkje kan få ein billeg lastebiltur stundom.

Ja, me vart plasserte i bilen, og rulla ned til Steinstø, der fruene Helga, Synneva, Randi og Milly steig på og me susa av stad innnyver. Målet for turen var for det fyrste Voss, men truleg og heilt til Stalheim. Når me drog forbi Granvin, såg me kor dei bala med hesjane sine, sume hesjar var brune av elde, andre var halve, resten var nedblese, men me sat på lasteplanet og vinka. «I

dag,» sa me, «men i går var det, og i morgen vert det same strevet for oss og.»

Me kom til Voss i god stand, og han Lars stoppa utfor fotograf Bråthen, men til all lukka var han på ferie. Utan hadde me kanskje spandert ei plata på oss. Kva skulde me so? Jau, ho Olava visste um ein butikk der dei hadde so mykje trikotasje. Berre me hadde merke og pengar. Jau, sei ikkje det då. Men fyrt vart me samde um at me vilde kjøpa oss middag. «Helst kjøtkaker,» sa nokon. Ja, Ingebjørg og Olava skulde so av stad og tinga midagsmat, og det klarde dei fint. På Indremisjonskaféen skulde me få koma att til eit visst klokkeslett og få oss mat. Men so var det trikotasjen då. Me fann fram til butikken, og der vart stor handel. Me kom ikkje inn alle på ei tid, so me sto i kø ute i gata. So når vossekjer-ringane kom med spann og tasker og skulde på handel snudde dei seg og såg etter oss, og spurde seg i mellom kva nasjon som var på invasjon i dag. Ja, me kjøpte so mykje som me hadde merke til, og det var ikkje tungt å veksla ein hundrakronar den dagen når ein kunde få so god trikotasje både til seg sjølv og andre, so me kjøpte pr stk, sett og halvtusinvis, og kven trong ikkje fornøy garderoben sin i dei dagar. Når me so var ferdige der, tok me turen burt etter Vangen. Men der fekk me sjå ein brødbil som kom med brød og kaker til Voss handelslag, og me inn, og de hugsar vel dei thebrødi me fekk der, ikkje rettare eg hugsar, kjøpte med dei som var, for so gode dei var, me måtte göyma litt til dei som var heime.

So skulde me upp på Mølstertunet. Det var tungt å koma seg upp, men når me var uppkomne, var det mykje å sjå og eit herleg utsyn over Vangen og Vossebygdi. Men tidi gjekk, og me skulde få oss middag før me drog vidare for veret var so pass at me kunde ta i veg til Stalheim. Me fekk fisk og herleg supa, og vossa fisken smaka godt. Og viss eg ikkje minnast feil, so meiner eg at me betalte i ein sum ca kr 33, og me var vel 22-23 på turen. Det var visst billeg middag.

So bar det upp att i bilen, og han Lars var like blid og fyrekande, og so bar det av stad den lange Vossastrand. Me såg på folk som streva med slåtten, og her og var det mykje brune hesjar. Her og var det fiskebil, og jammen tok dei føtene fatt når dei hørde han tuta, nett so fyksingane når dei spring til fiskebilen.

Ja, me kom til Stalheim og slo oss ned ved Sivlesteinen. Og der skulde me koka oss kaffi og eta nista vår, desse gode nysteikte kakene våre. Men det var vanskjeleg å gjera upp eld, men heldigvis hadde ho Helga vore so framsynt og tekje med seg litt turr kassaflisa, men Synneva og Olava som streva med kaffikokinga, hadde ein raudbrun «teint» når dei var ferdige. Medan kaffien koka, var han Lars med ein del av flokken ned Stalheimskleivi, like til Gudvangen, so dei fekk seg ein sognetur attpå. Me som var att der oppe, sat i ro og «priste naturen», som han sa, mannen. Der kom nokso mykje ferdafolk medan me sat der, og bilane kom pesande upp den bratte Kleivi. Dei fleste stogga og såg på Sivle-steinen og den ville natur. Når han Lars med fylgle kom upp att, drakk me kaffi og åt og song og hadde ei riktig god kosestund.

Men dagen leid, og me hadde lang veg heim, so det var best å koma seg upp att på lasteplanet, og so drog

me ned att yver Vossestrondi, og vinka til alle me såg. Det var tanken me vilde stogga litt til på Voss når me kom ned att og burt til folkehøgskulen, men han Lars svinga flott til vinstre når me kom so langt og sette kursen til Hardanger. Og det var nok kveld, skyna me når me kom til Palmafossen, for der mjølka dei geitene sine når me køyrdde forbi, men Johanne fann ut at anten sat dei på galne sida når dei mjølka eller så sat ho på galne sida i bilen, men kva som var gale, fann ho ikkje ut den kvelden.

Ja, me kom oss vel heim, og turen vart avslutta med ein lattersalve i Steinstø når me skulde finna fram trikotasjepakkane våre. Og glade og fornøgde med takk for tur og ein gild og god dag drog me heim kvar til sitt for neste dag å ta fatt på arbeidet att.

## KULTURMINNEPLAN FOR KVAM

Kvam herad står i ferd med å utarbeida Kulturminneplan for Kvam. Arbeidet vart sett i gang medan Kvam hadde Kultursjef. Ettersom denne stillinga har vorte sett vakant, har heradet leigt inn konsulent, Frans-Arne H. Stylegar, til å leia arbeidet. Dokumentet skal etter planen vera ferdig til politisk handsaming før jul. Soge- og kulturminnelaget har vore invitert til å delta i dette arbeidet.

### Kulturminneplanen har fire hovudmål

- Sikra god forvaltning av kulturminne med verneverdi
- Auka kunnskapen om kulturminna i Kvam, og fremja aktiv formidling
- Leggja til rette for frivillig arbeid innan kulturminnevernet
- Styrkja kulturminna si rolle som ressurs i Kvam

### Kulturminna er delt i fleire hovudområder (p.t.- dette kan verta endr i den endelege planen)

- Hus, gard og tun
- Tettstader
- Fjord, fartøy og fiske
- Krig og forsvar
- Industriarv
- Veg og ferdsle
- Utmark før og no
- Kulturlandskap
- Immateriell kulturarv og handlingsboren kunnskap

### Planen skal munna ut i

- Kva kulturminne som skal dokumenterast/registrerast
- Kva kulturminne som skal takast vare på
- Kva tiltak som må setjast i verk for at me skal kunna ta vare på kulturminna.

## NYE MEDLEMER TIL KVAM SOGE- OG KULTURMINNELAG

Bladet du no les er Kvam soge og kulturminnelag sitt medlemsblad SogeSkriv. Det vert gjeve ut 2 gonger i året og sendt alle medlemmene.

Dette nummeret av SogeSkriv prøver å nå alle husstandar i Kvam. Vi ynskjer at innbyggjarane skal verta kjende med Kvam soge- og kulturminnelag. Etter å ha lese SogeSkriv, vonar me at fleire av innbyggjarane vil verta medlem av laget. Me er overtydde om at langt fleire enn dei som i dag er medlemmer i laget har kultur- og lokalhistoriske interesser.

Kvam soge- og kulturminnelag er ein open medlemsorganisasjon som har til føremål å ta vare på verneverdige kulturminne i Kvam, skapa ålmenn forståing for desse og fremja interesse og kunnskap om lokalhistorie. Laget gjev årleg ut Gamalt frå Kvam (før Bygdajol).

Laget har si eige heimeside på internett der det vert lagt ut aktuelle oppdateringar. Elles viser heimesida vedtekter, føremål, årsmøtereferat, kven som er i styret med meir.

Laget er medlem i Hordaland Sogelag og Landslaget for lokalhistorie.

Laget er eigar av Hardangerforlaget, som gjennom åra har gjeve ut bøker med ymse kulturhistorisk innhold. Medlemmene kan kjøpa bøker til reduserte prisar. Laget har om lag 520 medlemer. Av desse medlemmene har om lag 40% postadresse utanfor Kvam.

### Aktivitetar gjennom året

Årsmøtet er i månadsskiftet februar/mars og vert kunn gjort i HF og på laget si heimeside.

Laget har dei siste åra hatt tur til Statsarkivet der me får grundig orientering om institusjonen, kva dei har «på lager» og kva dei kan hjelpe oss med.

Me prøver og å få til sommar/hausstur til stader av kulturhistorisk interesse. I 2017 gjekk turen til Tønnefabrikken i Fusa. Tilbakemeldinga frå dei 18 som deltok 2.9. har vore svært positiv. Primo oktober er det bokslepp. Då vert årsutgåva av Gamalt frå Kvam presentert saman med ev. andre utgjevingar frå Hardangerforlaget. I 2017 kjem jubileumsboka, 25 julebrev frå 25 år i eiga bok.

Medlemsmøta (årsmøte og bokslepp) er gratis for medlemene og underhaldning med enkel servering står alltid på programmet. Informasjon skal stå i HF før desse møta.

### Medlemskap i laget

Nye medlemer er alltid velkomne. Medlemskapet kostar kr 250 og gjev rett til subsierte bøker, turar og møte i tillegg til medlemsblad og fersk årbok/Gamalt frå Kvam (Bygdajol). Innmelding kan gjerast til Anne Liv Soldal som epost [Anne.Liv.Soldal@hfk.no](mailto:Anne.Liv.Soldal@hfk.no) (tlf. 909 41 272) eller ved betaling til lagskonto nr. 527720 06365 merka nytt medlem og namn på medlemet.

*Medlemskap i Kvam soge og kulturminnelag kan kansje vera ei høveleg julegåve?*

### Kjære medlem!

Gode tradisjonar som årleg utgjeving av Årboka vår bør vera liv laga også i framtida. Har du tips til innhald ver gild å meld frå til styret eller til redaksjonsnemna.. Finst det særarbeid frå skuletida som omhandlar Kvam i nær fortid? Har du ein historie som du ynskjer å «kringkasta»? Trufaste medlemer ber laget og vi treng dykk alle! Gratis tur og gratis omvisning på Statsarkivet er tilbod for medlemer primo juni kvart år, og bokslepp m.m. primo oktober vil vi skal vera ein god tradisjon med stadig fleire som vil delta.

### E-post til medlemene

Det er ønske frå fleire medlemar at laget skal kommunisera på E-post når informasjon om kurs og anna skal ut. Derfor har styret eit ynskje om at alle, *som vil ha E-post frå laget*, sender inn sin E-postadresse til Kvam soge- og kulturminnelag. E-postadressa blir ikkje spreia utover, kun laget skal bruka denne.

*Send til: [post@kvam-sogelag.no](mailto:post@kvam-sogelag.no)*

### Medlemspengar

#### Vi tek opp att frå SogeSkriv nr. 1 2017

Eigen faktura vedlagt SogeSkriv vart ikkje sendt, men vi ber medlemene **beta kr 250 innan 15. mai** (sjå giroannonse s.4). For sein betaling medfører tillegg på kr 20. **Takk for at du er medlem i laget!**

*Om lag 60% av medlemmene har betalt for 2017 utan purring og eigen faktura. Dette sparar laget for ekstrakostnader så vi vonar fleire vil nyttja seg av dette for framtida. Dei som no ikkje har betalt får faktura pålydande kr 270, «på gammelmaßen», vedlagt SogeSkriv nr. 2 2017 og Gamalt frå Kvam 2017. Giroannonse side 4 må gjerne brukast og gjeld primært 2018.*

### Bøker på: [www.kvam-sogelag.no](http://www.kvam-sogelag.no)

Her finn du bøker gjeve ut av Hardangerforlaget.

Bruk elektronisk tinging eller kontakt Hardangerforlaget;

Hovlandsvegen 12, 5610 Øystese - tlf.: 909 41 272  
eller: [post@hardangerforlaget.no](mailto:post@hardangerforlaget.no)

**Riss Grafisk Formgjøving AS**

Nedre Vik 4

Tlf: 56553650  
Fax

1 / 1

5610 Øystese  
Foretaksregisteret NO 989813455post@rissgrafisk.no  
http://www.rissgrafisk.no

10022

**Kvam soge- og kulturminnelag**

Hovlandsvegen 12

co / Anne Liv Soldal

5604 Øystese

Sum å betale:

62 500,00

Bankgiro:

35302295008

KID:

010526400100220

**Faktura 105264**

Fakturadato: 18.07.2017

Leveringsdato: 18.07.2017

Forfallsdato: 19.07.2017

Vår referanse: Styrk Andersen

Deres referanse: Anne Liv Soldal

Bilagsnr: 404

Bankgiro: 35302295008

IBAN


SWIFT

Ref. fakturanr

Rekvisisjon

Bok; Bygdejol / Uglo

Varenr	Varetekst	Antall	Pris	%	Sum
<b>Ordre nr. 5156 - 18.07.2017 - Rekvisisjon: Bok; Bygdejol / Uglo</b>					
16	1.500 stk Bøker A konto faktura	1,00 STK	50000,00		50000,00
			<b>Sum eks mva:</b>		<b>50 000,00</b>
			+ 25% m.v.a. av kr 50000		12 500,00
			<b>Totalsum:</b>		<b>62 500,00</b>
			<b>Sum å betale:</b>		<b>62 500,00</b>

Ref. 838926 26.7.18  


**Riss Grafisk Formgjeving AS**

Nedre Vik 4

5610 Øystese  
Foretaksregisteret NO 989813455Tlf: 56553650  
Faxpost@rissgrafisk.no  
http://www.rissgrafisk.no

1 / 1


10022  
**Kvam soge- og kulturminnelag**Hovlandsvegen 12  
co / Anne Liv Soldal  
5604 ØysteseSum å betale: 52 650,00  
Bankgiro: 35302295008  
KID: 010528300100227**Faktura** 105283Fakturadato: 31.07.2017  
Leveringsdato: 31.07.2017  
Forfallsdato: 10.08.2017  
Vår referanse: Styrk Andersen  
Deres referanse: Anne Liv Soldal  
Bilagsnr: 431  
Bankgiro: 35302295008  
IBAN  
SWIFT  
Ref. fakturanr  
Rekvisisjon Rest faktura Bok

Varenr	Varetekst	Antall	Pris	%	Sum
1016	Bøker (avgiftsfri)	1,00	STK		0,00
16	1500 stk bøker ,Bygdejol 1992 -2016	1,00	STK	80920,00	80920,00
3010-2	Grafisk arbeid / møter / korrektur	14,00	TIM	800,00	11200,00
16	Fratrekks a kontofaktura 105264	-1,00	STK	50000,00	-50000,00
Sum eks mva:					42 120,00
+ 25% m.v.a. av kr 42120					10 530,00

Totalsum: 52 650,00

Sum å betale: 52 650,00

11.8.17  
11.8.17  
faktur  
faktur  
posten  
betalt  
faktur  
faktur



## JULEBREV I BYGDEJOL 1992-2016

*Skråblikk på hendingar i Kvam*

*Bygdejol*

Gamalt från Kvam 2017  
Bygdein

